

fossekallen
10/88



Kimer i klokker

Et rekordstort underskudd i 1988 er ikke akkurat egnet til å skape julestemning i de tusen Statkraft-hjem. Og etter hvert som ryktene om dette underskuddet tiltar, er det nok mange blant Statkrafts 3 400 ansatte og deres familier som føler at de kimende helgedagsklokker har et umiskjennelig preg av stormklokker — klokker som varsler uvær for bedriften Statkraft.

Det er sant at underskuddet i Statkraft blir stort i år — 1,7 milliarder kroner skal vi tro økonomidirektøren. Men dermed er det ikke sagt at Statkraft er dårligere forretning nå enn før, skynder han seg å legge til. I år som i tidligere år inkasserer staten store beløp fra vår energi- og verdiskapende virksomhet. Det omtalte underskudd skyldes i stort monn faktorer vi ikke selv er herre over i Statkraft.

Kraftprisene må ta en del av skylden for vårt dårlige driftsresultat. Skatteleggingen av Statkraft likeså. Og særlig når det gjelder det siste bør vel noen se nærmere på gjeldende regler? Hvilken annen bedrift i Norge må ut med én milliard i skatt når bedriften grannligelig går med underskudd?

Sist men ikke minst skyldes imidlertid underskuddet i Statkraft de regnskapsprinsipper vi må leve med i vår bedrift. I de senere år har Statkraft investert store summer i nye anlegg — det er nok å nevne Ulla—Førre. Allerede i midten av 1990-årene skal disse være nedskrevet, og det er klart at dette må gi seg negative utslag på vårt driftsregnskap. Men det betyr også at Statkraft igjen vil bli gullkantet forretning når vi nærmer oss årtusenskiftet, slår økonomidirektøren fast.

Så selv om det store underskuddet i år nok kan gi Statkraft-klokkene en litt vemodig klang, må vi som er ansatt her tross alt kunne gå julen og det nye året trygt i møte.

Mette Kjeldsberg



Redaksjonsråd

For ledelsen:

Vidar Bern
Hallvard Holen
Olav Molvær

For de ansatte:

Andreas Bakkerud (AF)
Karin Janson
(Arbeidsmandsforbundet)
Kjell Arne Bursvik (NEKF)
Siv Westvik (NTL)

Redaksjon

Redaktør: Cand.philol.
Mette Kjeldsberg
Sekretær: Aud Berg
Postadresse: Fossekallen
Postboks 5091 Maj,
0301 Oslo 3
Gateadresse: Slemdalsvn. 37
Telefon: (02) 46 70 70

34. årgang — opplag 8 400

Trykket av:
Centraltrykkeriet Østerås A.s

Utforming ved:
Ingrid Adeler

Redaksjonen avsluttet
onsdag 16. november


Omslagsbilde: Ledningen Aura—Ørskog ble i fjor vinter hjemsokt av en rekke skred i Horndal-området. Det satte fart i arbeidet med å skaffe en ny type master på skredfarlige strekninger. Til tross for at Statkraft måtte til Franrike for å få konstruert disse mastene, er arbeidet slutført i høst. Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto.

INN HOLD

fossekallen
10/88

Fint formspråk gav godt miljø

Det historiske og det framtidsretta gjekk i hop då det staslege nye administrasjonsbygget til Tokkeverkene vart offisielt opna på Dalen den 15. september i år. Med ei anleggsdrift som starta midt på 1950-talet er ein kraftverk-generasjon no vel avslutta. Og nybygget til 26 millionar kroner innfrir dei krava ein ny generasjon har rett og plikt til å stille.



SIDE

4

Kolossal auke i talet på turistar

Straumen av turistar til Sima kraftverk er aukande. Då Fossekallen gjesta Simadal i slutten av august i år, hadde driftsavdelinga der alt tatt imot 19 239 besøkjande i 1988. Av desse var nærare 10 000 svenske turistar som ville oppleve Kjeåsen — eit knutepunkt for eit moderne vasskraftverk, men og åsted for handlinga i den svenske forfattaren Bror Ekström sin bok «Folket på Kjeåsen».




SIDE

9

La skredet komme!

I overkant av halvannen million kroner har de kostet, de franske spesialmastene som nå er på plass i Horndalen og Venjedalen ved Andalsnes. Spørsmålene man kan stille seg er: Hvorfor går Statkraft til Frankrike for å få solide nok master til å stå imot et heilnorsk snøskred? Og hvorfor legges traséen der snøskredfaren er størst?




SIDE

16

Slusken skapte den nye tid

I anleggsarkivet til Nore kraftanlegg er det ikke vanskelig å finne belegg for at busen både drakk, sloss og det som verre var. Rapportene fra anleggspolitiet gir både et bloddryppende og fuktig bilde av anleggsmiljøet. Men hvordan kunne anleggsarbeiderne bygge et anlegg som Nore I med håndkraft hvis det bare var fyllebøtter blant dem?




SIDE

32


Kraft-veteran fikk Kongens sølv

Ved ei tilstelning på Trædal Turisthytte torsdag 29. september i år fikk tidligere montasjeleder ved Aura-verkene — Ola Henden — overrakt Kongens fortjenstmedalje i sølv for sin lange og sterke innsats på arbeidsplassen de siste 41 år.



SIDE

36



Nytt stasbygg innvia på Tokke:

FIINT FORMSPRÅK GAV GODT miljø



John Gesager Nielsen er meistar for stålfontena som er plassert ved inngangen til det nye bygget.



Tekst: Asbjørn Gardsjord
Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto

Det historiske og det framtidsretta gjekk i hop då det staslege nye administrasjonsbygget til Tokke-verkene vart offisielt opna på Dalen den 15. september i år.


Med ei anleggsdrift som starta midt på 1950-talet er

ein kraftverks-generasjon no vel avslutta. Og nybygget til 26 millionar kroner innfrir dei krava ein ny generasjon har rett og plikt til å stille.

Ola Gunnes, direktør for driftsdivisjonen i Statkraft, understreka heilskapsokono-

Det nye drifts- og administrasjonsbygget til Tokke-verkene er fint plassert. God landskapsforming forsterkar inntrykket av eit innbydande bygg — og venteleg ein triveleg arbeidsplass.

mien og framtidskrava då han helsa dei frammøtte. — Eit kraftverk som årleg produserer for 600 millionar kroner, må vera i førsteklassens operativ stand. Og eit bygg som dette, er ei svært sentral brikke i så måte.



Driftsdirektør Ola Gunnes overrekte teppe vove av Bente Lise Holthe. Tittelen er «Våren I».

Tokke, det har vore sjølve flaggskipet i Statkraft-flåten. Sidan opninga i 1961 har nye og større flaggskip kome til, men Tokke let framleis som søt musikk i mange Statkraft-veteraners øyro. Den 15. september i år vart det nye, staslege administrasjonsbygget til Tokke-verkene offisielt opna på Dalen. I helsinga si kalla driftsdirektøren i Statkraft, Ola Gunnes, på sterke minne, kjensler og litt nostalgi. Med dette gav han bygget dimensjonar og plasserte det i ein tradisjon. Men han peika og på at opprusting må til over heile lina om ein skal vera på høgdom også i tida framover. Tokke har vore

gjennom barndommen og ungdommen, og er no middelaldrande. Vårt ansvar er å syte for at «tidens tann» ikkje reduserer verket. —Og det ansvaret tek me, slo Gunnes fast.

Vedtak i tide

Gunnes var svært glad for at driftsbygget på Dalen vart vedteke i 1986. Då var «Sareptas krukke» framleis full, og han trudde det hadde vore vanskeleg å få dette vedteke no. Eit vedtak i tide med andre ord. —For Statkraft er det ein policy at driftsområda skal ha gode arbeidstilhøve. Me har svært go-

Tokke kommune gav eit måleri av Reidar Fritzvold. Ved avdukinga takka varaordførar Olav K. Tho for det gode samarbeidet som i alle år hadde vore mellom kommunen og Tokke-verkene. —Hyggelig å sjå at de ikkje vart bergtekne i fjellet der de no har halde til i 30 år, sa varaordføraren mellom anna i helsinga si. Frå venstre: Varaordførar Olav K. Tho, målaren Reidar Fritzvold og driftsstyrar Bjarne Aamold.



de folk, og me ynskjer å taka vare på dei. Me vil satsa på denne ressursen. Og investering i eit triveleg og funksjonelt bygg som her på Dalen, er såleis ein viktig del av satsinga vår, sa Gunnes som sjølv svara bestemt på spørsmålet om vi har råd til slik investering: —Vi har ikkje råd til å lata vera.

Ikkje praktisk med utviding

Det var i 1983 at planavdelinga i Statkraft fekk i oppgåve å lage forprosjekt for ny driftssentral på Dalen. Rehabilitering var naudsynt. Utviding av portalbygget var ikkje praktisk. Etter kvart vart det gitt klarsignal for bygging av nytt drifts- og administrasjonsbygg. Og dermed rulla snøballen, slik driftsstyrar Bjarne Aamold ved Tokke-verkene sa det. Frå første stund møtte ein velvilje frå kommunen. Aamold var i det heile full av lovord til alle som hadde hatt med bygget å gjera, arkitektar, konsulentar, utførande entreprenørar og eigne medarbeidarar.

No er det opp til oss

Byggearbeidet på Dalen starta i november 1986, og etter å ha prøvekjørt bygget i vel eitt halvt år kunne Aamold ved opningshøgtida seia: —Eg trur eg har alle med meg når eg seier at me har fått eit bygg som fungerer slik me tenkte. Frå no av er det opp til oss. Aamold avslutta med å rette ein stor takk til dei overordna som hadde løyvd pengar.

Det er 35 kontor i bygget, møterom, kantine og ein del andre spesialrom. Driftssentralen er og bygningsmessig ferdig, men det vil enno ta noko tid før utstyret er på plass og i operativ stand i det nye bygget.

Før og no — medarbeiderreaksjonar

—For mitt vedkomande er ikkje skilnaden så stor når det gjeld eige kontor. Eg hadde eit av dei gode kontora også i det gamle driftsbygget, men for nyare tilsette må skilnaden vera vesentleg. Fleire sat i Moelven-brakker på kaia.

Bilethoggaren John Gesager Nielsen framom skulpturen han laga til Tokke-verkene sitt bygg. Før han fekk oppdraget, reiste han til Dalen for å få inntrykk av plassen og bygget. Også han er no nøgd med resultatet; heilskapsinntrykket stemmer. —Det skal ikkje ta makt frå bygget. Og det er oppnådd, seier Nielsen. Bilethoggar John Gesager Nielsen har stått for alt, både idéutkast og sjølve utføringa.





Hektisk aktivitet kvelden før — også denne gongen gjekk innspurten bra.

Tømmerinspektør Halvor Sandok, som har 28 års teneste i Statkraft, uttalte seg med tyngde om før- og nosituasjonen. Det første han nemner er at alt er romlegare. No er det gode tilhøve når det gjeld fellesfunksjonar med kantine, resepsjon, møterom og ikkje minst arkivplass. Sandok nemner vidare varme- og ventilasjonsanlegget. —Klimaet i huset er mykje betre. Det gjeld og strukturen på kontorplasseringa. I gamle-bygget var folk meir tilfeldig spreidd. Og sjølv om ein ikkje alltid tenkjer over det, har det estetiske i den arkitektoniske løysinga og dei kunstnarlege innslaga og sin verdi, seier Sandok.

—Eg synest bygget fungerer veldig bra. Tove Haugen på Lønskoretet snakkar varmt om den gode plassen på kontora og elles i bygget, sjølv om utsikten er eit sagn. Å kunne sjå ned på Bandak var for henne ei dagleg glede.

Haugen kjenner og at kontakten med dei på mekanisk vert borte. Flytting til «byen» er såleis både og, meiner ho.

Knut Asheim frå Haukeli kraftverk, ein av satellittane til Tokke, reknar personleg ikkje med å merke den store forskjellen etter at nybygget er teke i bruk, men auka trivnad og effektivitet på hovudbølet vil nok merkast. —Til vanleg held me kontakten med telefon, seier Asheim, og blunkar til ei av damene. Han legg til at humøret til dei på Dalen jamt er bra. Men dersom nybygget gjev mindre stress, er det i sin tur positivt også for oss ute, seier han.

Mykje kunst

Opningsdagen var prega av kunstoverrekkingar og -avdukingar både ute og inne. Frå Statkraft sentralt kom Ola Gunnes med eit teppe vove av

Bente Lise Holthe. Gåva frå arkitektar og konsulentar var ein stor dobbeltlitografi av Frans Widerberg, og Olav K. Tho, varaordførar i Tokke, overrekte eit måleri av Reidar Fritzvold. Motivet var henta frå Rukkeåi. Frå Tokke Klubb overrekte Knut Asheim eit tinnfat og landskapsarkitekten hadde med eit tre. Torstein Tveito, byggeleiaren til hovudentreprenøren Petter Kristiansen A/S, helsa med ein plakett til bygget og blomar til Tokke-verkenes byggeleiar, Helge Bergsland..

Men det store høgdepunktet var likevel då Astri Holter frå Tokke-verkene avduka fontena kunstnaren John Gesager Nielsen hadde laga.

Fontena, som er plasert utanfor nybygget, er finansiert med ei tildeling på 90 000 kroner frå Utsmykkingsfondet for nye statsbygg. Med den særmerkte vass/stål-skulpturen vann Gesager Nielsen den lukka konkurransen om beste utkast til utsmykking av det nye bygget på Tokke.

Skulpturen er over tre meter lang og ein meter høg. Materialet er rustfritt stål. —Det er eit vær-bestendig materiale. Tokke-verkene ynskte seg eit samspel mellom eit hardt materiale og rennande vatn. Dette har eg forsøkt å etterkome, seier bilethoggaren. Og inntrykket vårt er at det har han til fulle innfridd. Lita og ujamn vassføring på premierdagen skal nok ikkje kunstnaren ha ansvaret for.

Utsmykkingsjuryen sa dette om Gesager Nielsen sitt verk: «Skulpturen har eit fint formspråk som assosierer til vatn og vasskraft. Dens konkave former reflekterer ljøs — og gjev fint vassspel. Skulpturen går rytmisk godt inn i arkitekturen og er interessant frå alle vinklar.»

Leverandørar:

Arkitekt:	Kvernes & Letting A/S
Byggeteknisk konsulent:	Aarum & Berge—Grøner A/S
El. teknisk konsulent:	Bjørnvold — Grøner A/S
VVS:	Ing. Vidar Tveiten A/S
Landskapsarkitekt:	Huvestad & Fuller Gee
Bygg:	Petter Kristiansen A/S
El. anlegg:	Bjerkes Installasjonsforretning A/S
Ventilasjon:	Alfsen & Gundersen A/S
Sanitær:	Timland Rørleggerforretning A/S
Heis:	Reber Schindler Heis A/S

Ny rekord i Eidfjord:

KOLOSSAL AUKE I TALET PÅ TURISTAR

Tekst: Jan Ole Rød

Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto



13 turistbussar og over 500 gjester kan det vera i Sima kraftverk på ein toppdag i juli. Her er det ein av Rese Kajsa sine mange bussar som har stoppa framom visingsbygget i Simadal.

Jo, det blir mykje overtid, men stort sett held vi oss innanfor rammene i Arbeidsmiljølova.

Leif Ervik svarar med eit smil på vårt spørsmål om korleis driftsavdelinga taklar

den aukande straumen av turistar til Sima kraftverk. Då Fossekallen gjesta Simadal i slutten av august i år, hadde Ervik og staben hans tatt i mot 19 239 besøkjande i 1988. Besøkstalet for heile

1987 var 18 514. Talet for 1988 vil truleg visa at mellom 22 000 og 23 000 menneske har vitja Sima kraftverk.



—Dei aller fleste skandinavane me har i stasjonen, er svenskar, seier Britt Lothe. Ho er tilsett på bygningsavdelinga ved kraftverket, men brukar i sommarsesongen mestedelen av arbeidstida si på turistane. Britt fungerer som leiar for dei tre guidane og deltar sjølv som omvisar når det er nødvendig. I tillegg fører ho nøyaktig statistikk over talet på turistar og kor dei kjem frå. Det kanskje mest markerte trekket i 1988 er den store auken i talet av tyskarar.

—Dette heng saman med opninga av den nye flyplassen på Fagernes. Ein

Dagleg arbeidssituasjon på kontrollrommet, Sima kraftverk i sommar-sesongen: Odd Ragnar Wold (t.h.) blir uroa i arbeidet av Leif Ervik (t.v.) som har med seg 40 svenske turistar. Wold tar det heile med eit smil mens dottera Hilde (i bakgrunnen) er omvisar og forklarar vass-systemet ved kraftverket for gjestene.

Det har vore ein kolossal auke i talet på turistar. I 1981 hadde me om lag 6 000 gjester i kraftverket. Dette talet er mest firedobla på berre sju år, fortel Ervik.

Til dagleg er Leif Ervik å finna på Vestlands-verkene si besøksmesse i Eidfjord. Her syter han for at gjestene lever godt; ikkje minst i matvegen. Tittelen er messebestyrar; den einaste stillinga ved Vestlands-verkene der det er tatt med i instruksen at innehavaren skal ta seg av besøkjande i kraftverket. Utover på 1980-talet har stadig meir av Leif Ervik si arbeidstid gått med til å administrera turistverksemda. I samarbeid med stasjonleiar Ivar Høberg og driftsarbeidar Britt Lothe, koordinerer han i dag alle besøk til Sima kraftverk. Når dei aller fleste besøkjande er så godt nøgde med opplegget i Sima, er årsaka for ein stor del å finna i den praktiske tilrettelegginga Leif Ervik har ansvaret for. Sjølv er han mest opptatt av å få fram at det er ein heil stab som gjer jobben.

—I topp-sesongen er det tilsett tre guidar til å ta seg av turistane. Når det er behov for det, får desse hjelp av andre tilsette på driftsavdelinga.

Triveleg

Fossekallen vitja Sima kraftverk på ein heller roleg dag. Berre to bussar var innom; ein med svenske og ein med engelske turistar. I tillegg var her nokon få bilturistar. Likevel blei det trøgt og kaotisk i kontrollrommet då svenskane var innom. Odd Ragnar Wold og Georg Vivelid frå driftsavdelinga let seg likevel ikkje uroa i arbeidet. Dei nikka ven-

leg til gjestene, smilte til fotografen og heldt fram med jobben. Men korleis er eigentleg arbeidstilhøva i stasjonen når 500 turistar i 13 bussar vitjar stasjonen ein topp-dag i juli?

—Merkeleg nok ser det ut til å gå bra. Få klagar over at alle turistane gjer det uråd å få utført arbeidet. Dei fleste ser på dei mange besøkjande som ein positiv miljøfaktor, forklarar Ervik.

Skal med tru messebestyraren, har dei tilsette ved Sima kraftverk hittil ikkje sett den store turisttrafikken som noko problem i det daglege arbeidet. Gjennom kjøp av postkort i kontrollrommet er turistane dessutan med på å fylla ei heller slunken velferdskasse.

—Men kor mange fleire besøkjande kan de ta i mot i Sima?

—Med det opplegget me har i dag, trur eg snart taket er nådd. Før sesongen i år korta me ned omvisinga i stasjonen. Nå får turistane berre sjå maskinsalen og kontrollrommet, runnen på turbingolviet med orienteringa om kuleventilen er kutta ut. Likevel har tidsskjemaet vårt vore knallhardt til tider, seier Ervik. Han strekar under at dersom turistflaumen held fram med å auka med 20 prosent i året, må Vestlands-verkene enten avvisa ein del besøkjande eller bruka større ressursar på turistverksemda.

Svensk dominans

Turist-statistikken til Britt Lothe viser at hittil i år har 3 843 nordmenn vitja Sima kraftverk. Frå dei andre skandinaviske landa har det kome over dobbelt så mange besøkjande.



del tyske reiseselskap har lagt opp bussturar frå Fagernes til Eidfjord med besøk i kraftverket på programmet i fleire år framover. Dette har resultert i at 3 550 tyskarar har gjesta Sima hittil i år mot berre 1 323 i heile fjor, fortel Britt Lothe. I statistikken hennar finn Fossekallen elles over 1 000 britar og nærare 1 400 frå andre land i Europa og andre verdsdelar.

Flaggskip i medvind

På tampen av turist-sesongen i år er det med glede Fossekallen kan slå fast

at flaggskipet i Statkraft sitt informasjonsarbeid siglar i god medvind. Stadig fleire gjestar kraftverket i Simadal. Sima-filmen og omvisinga i stasjonen gjer eit sterkt inntrykk på dei besøkjande frå inn- og utland. På ein time får gjestene grundig informasjon om dei fleste sidene ved ei større kraftutbygging. Mannskapet på flaggskipet utfører jobben sin på ein stadig meir profesjonell måte. Her blir det guida på engelsk, tysk og fransk. Sommarguidane får ei så god innføring i korleis kraftstasjonen fungerer at dei kan ta klla dei aller fleste av gjestene sine

spørsmål. Leif Ervik og Britt Lothe overvakar det heile på ein måte som gjer at kapteinen i Simadal, Ivar Høberg kjenner seg trygg på at informasjonsopplegget fungerer. På rederikontoret i Sauda er leiinga svært godt nøgd med mannskapet som tar seg av turistane.

—Eg får stadig tilbakemelding frå folk som har gjesta Sima kraftverk. Utan unntak er desse positive både når det gjeld sjølv opplegget for dei besøkjande og ikkje minst den måten våre folk utfører jobben på, seier driftsbestyrar Arne G. Pleym ved Vestlandsverkene.

Simahallen er eit imponerende syn for dei aller fleste. Her informerer Hilde Wold (med ryggen til) eit svensk turistfølge om Sy-Sima-generatorane.



Tekst: Jan Ole Rød
Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto

HØGTIDSSTUND PÅ KJEÅSEN

Kjeåsen er i dag eit knutepunkt i eit moderne vasskraftprosjekt. Her møtest overføringstunnellane frå inntaksmagasina Rembesdalsvatn og Langavatn. Herfrå styrtar vatnet gjennom den stålfora trykksjakta ned mot kjempeturbinane i Sima kraftverk 600 meter under Kjeåsen. Tilsaman produserer dei fire aggregata i Sima straum nok til lys og varme for alle hushaldningane i Bergen.

Men det er ikkje høgteknologien i moderne vasskraftprosjekt som kvar sommar drar nærare 10 000 svenske turistar til Kjeåsen. Sima-filmen og kjempeturbinane i maskinsalen gjer nok eit sterkt inntrykk på broderfolket, men det er dei to gardsbruka på Kjeåsen som er sjølv *målet* for reisa. Å få sjå heimane til Ola, Martha, Anna og Margrethe — velkjende personar frå Bror Ekström si bok «Folket på

Kjeåsen» — er for mange svenskar den største opplevinga ferien gir. Det er høgtid og andakt som pregar svenske pensjonistar på veg ned mot «världens ensligaste gård», — for å halda oss til Bror Ekström sin terminologi.

På tunet tar etterkommarane etter hovudpersonane i Bror Ekström si bok hjarteleg i mot gjestene frå nabolandet. Guri og Bjørg Wik som er fastbuande, har denne augustdagen hjelp

av søstera Ingrid og mannen hennar Torstein Ness. I ein fart riggar dei tre søstrene opp ei provisorisk salsbu og startar salet av souvenirar. Handelen går livleg. Tinnfat, vimplar og klistremerke med namnet Kjeåsen på blir omsett til prisar som svenskane tydelegvis finn rimelege. Innkjøpa tyder på at både barn og barnebarn i Vänersborg-området skal få souvenir frå Kjeåsen som feriegåve.

Livleg handel og dros om gamle dagar på Kjeåsen når svenske turistar vitjar garden. I midten Ingrid Ness, søster til Guri og Bjørg Wik som i dag bur på garden.



Forteljarglede

Handelen er likevel ikkje det viktigaste. Det er høgtidsstemning over dette møtet med fjellfolket. Mange handelsar før handelen tek til. Episodar frå Bror Ekström si bok blir fortalt på nytt. Mange har spørsmål som Guri, Bjørg og Ingrid gjer sitt beste for å svara på. Sjølv om ingen av dei budde på Kjeåsen før Eidfjord-anlegget laga vei opp til gardane, har den munnlege forteljartradisjonen tydelegvis gitt dei tre søstrene eit solid innblikk i korleis kvardagen arta seg i gamle dagar.

Tålmodig fortel dei om skulevegen ned den stupbratte fjellsida til Simadalen, om byturar til Bergen som tok 14 dagar, om flaumkatastrofen 10. august 1937 og om alt slitet med matvarer og bygningsmaterialer oppover den omtrent loddrette fjellsida.

Jo, jentene på Kjeåsen kan historieleksa si. Den gode, gamle forteljargledda som i dag er i ferd med å bli borte sjølv i norske bygdesamfunn, lever i

beste velgåande hjå desse etterkommarane av fjellfolket. Dei tar imot gjestene sine med den same naturlege og opne haldninga som forfedrane deira møtte Bror Ekström med.

Her er her

Fossekallen sin fotograf har vore på Kjeåsen ein gong før og helsar takk for sist.

—Me møttest *her* for fire—fem år sidan, seier Svein Erik Dahl. —Ja, det stemmer det: Du var saman med Ronald Bye, men me møttest ikkje *her* — men *der* borte, svarer Guri og peikar i retning fjellknausen som stikk litt ut i stien på vegen ned mot gardstunet.

Guri og Bjørg har tydelegvis tatt vare på meir enn den folkelege forteljartradisjonen. For fjellfolket var det i tidlegare tider nødvendig å vera presis når ein skulle oppgi stad og tid. Denne tradisjonen er framleis levande: for *her* tyder *akkurat her* og ikkje 300 meter lenger borte.

Historietime

Eit svensk reisefølge på Kjeåsen ønskjer meir enn å handla og å slå av ein

uformell prat med dei fastbuande. Etter at handelen har stilna av, er det klart for historietime. Torstein Ness, svogeren til Guri og Bjørg, brukar trappa som kateter. Mange norske lærarar ville ha misunt han å ha ein så interessert forsamling framfor seg.

Torstein er slett ingen dårleg pedagog. Foredraget hans treffer dei svenske pensjonistane heime. Dei er sjølve frå landsbygda i Norrland og nikkar gjenkjennande når Torstein fortel om det fysiske slitet til dei 21 menneska som budde *her* i førre generasjon. Banda mellom Kjeåsen og Sverige via Bror Ekström blir utnytta maksimalt. Det gjer eit sterkt inntrykk på forsamlinga når Torstein avsluttar med å fortelja at alle dei Bror Ekström møtte på Kjeåsen er døde.

Glimrande idé

For skikkeleg å markera at dette er eit møte med gamal norsk bondekultur og historie, avsluttar det svenske reisefølget opphaldet på Kjeåsen med rømme-graut, flatbrød og spekemat. Alt saman

er «medbragt» frå Halne fjellstove på Hardangarvidda. Smaken er fortreffelig; om me skal tru svenskane og Fossekallen sin fotograf.

Mellom grautskeiene fortel Elin Martinson, reiseleiar i Rese Kajsa, om bakgrunnen for at Kjeåsen har blitt eit så kjent og populært reisemål for svenske turistar. —Utan Bror Ekström si bok «Folket på Kjeåsen» frå 1958, ville dette turopplegget vore dødfødt. I 1981 gjekk boka som føljetong i den svenske avisa Kvällstonden som særleg er utbreidd på landsbygda. Etter dette utvikla Rese Kajsa sin forretningsidé. I dag har denne blitt ein så stor suksess at 15—20 andre svenske reiseselskap har starta med turar til Sima kraftverk og Kjeåsen, seier Elin Martinson.

Dei fleste svenskane som vitjar Kjeåsen med Rese Kajsa sine bussar, har lese Ekström si bok. I tillegg har Elin Martinson boka på kassett i bussen for å setja reisefølget i skikkeleg god bonderomantisk stemning før besøket på Kjeåsen.

—På denne måten blir eit unikt reisemål gjort om til ein glimrande forretningsidé, avsluttar Elin Martinson.

Historietime for ein uvanleg interessert forsamling på Kjeåsen. Torstein Ness, med ryggen til, gir ei levande framstilling av levevilkåra for folket på gardane frå dei eldste tider og fram til vår tid.



SOMMARJOBB MED UTFORDRINGAR

Tekst: Jan Ole Rød
Foto: Svein Erik Dahl/Samfoto

Torsdag 24. august 1988:
Ein ny svensk turistbuss
stoppar utanfor visnings-
bygget ved Sima kraftverk i
Eidfjord. Hilde Wold — 19 år
og guide for andre året på
rad — finn fram brosjyrene
og tar imot det svenske rei-
sefølget med eit vennleg
smil.

Etter kort tid er dei svenske pensjo-
nistane på plass i visningsrommet.
Hilde ønskjer velkommen, gir ein kort
presentasjon av Sima kraftverk, Stat-
kraft og Vestlands-verkene, og startar
deretter filmen som viser korleis kraft-
verket blei til. Etter ein god halvtime er
svenskane tilbake i bussen; storleg im-
ponert over moderne norsk vasskraft-
utbygging.

På vei inn i fjellet mot kraftstasjonen
er Hilde på plass ved mikrofonen. Kort,
men informativt gir ho gjestene ei inn-

føring i dei spesielle vanskane som
møtte anleggsarbeidarane på grunn av
det dårlege fjellet. Røykeforbodet i sta-
sjonen blir presisert før Hilde losar
gjestene inn i maskinsalen i retning
Sy-Sima generatorane.

På under 30 minutt orienterer Hilde
om generatorane, pelton-turbinane,
museumskraftverket frå Osa Fosse-
kompani og kva som går føre seg i
kontrollrommet. I bussen ut mot dags-
lyset takkar Hilde for besøket og får
velfortent applaus frå det svenske rei-
sefølget.





Hilde Wold er klar til å ønska eit nytt svensk reisefølge velkommen til Sima kraftverk.

Interesserte gjester

—I dag var det svært få spørsmål og avbrot. Til tider er gjestene så spørrelystne at det er vanskeleg å halda tids-skjemaet, fortel Hilde til Fossekalen mens svenskane drar vidare til Kjeåsen. Hilde er mellom dei mange guidane i Eidfjord som kjem tilbake fleire turistsesongar. Ho er akkurat ferdig med språklinja ved Odda vidaregåande skule. Med både engelsk, tysk og fransk som hovudfag på timeplanen dei siste tre åra, er Hilde i stand til å ta seg av turistar frå heile Europa. Spesielt synest ho den store auken i talet på tyske turistar er gledeleg.

—Tysk er favorittspråket mitt. Dessutan er tyskarane meir interesserte enn gjennomsnittsturisten. Det fører med seg mange spørsmål og språklege utfordringar, seier Hilde. Både utlendingar og nordmenn kommenterer særleg to ting under omvisinga i Sima kraftverk.

—For det første er dei imponerte over at me klarar å halda stasjonen så

rein og fin. For det andre skjønar dei ikkje at filmen og omvisinga er gratis.

Mycket bra!

Guide Elin Martinson i reisebyrået Rese Kajsa er leiar for det svenske reisefølget Hilde tar seg av denne augustdagen. Ho har gjesta Sima kraftverk mange gonger som reiseleiar dei siste åtte åra. Ifølge Elin Martinson er eit besøk i Sima kraftverk kombinert med utflykt til Kjeåsen ein av dei største turistattraksjonane i Noreg.

—Informasjonsopplegget er «mycket bra». Guidane er meir profesjonelle her enn på dei fleste andre turiststader i Noreg, seier Elin Martinson til Fossekalen.

Elin Martinson veit kva ho snakkar om. Heile sitt vaksne liv har ho vore knytta til reiselivsbransjen. Fødd i Bærum, men gift i Sverige, har ho gjennom mange år sett æra si inn på å visa svenske turistar «mitt fosterland», som ho sjølv seier.

—Når så mange andre svenske reiseselskap har stole Rese Kajsa sitt turopplegg til Eidfjord, er årsaka først og fremst det innblikket dette gir turistane i moderne norsk vasskraftutbygging kombinert med eit glimt av gammal norsk bondekultur, meiner Elin Martinson. Med det profesjonelle visingsopplegget Vestlands-verkene har lagt opp til ved Sima kraftverk, er Elin Martinson overtydd om at turiststraumen til Simadal vil auka i åra framover.



Ny redaktør

Fra kommende årskifte vil Asbjørn Gardsjord fungere som redaktør for Fossekalen, foreløpig for ett år. Gardsjord har arbeidet med informasjon og journalistikk siden 1976, blant annet som redaktør for bladet Vegen og vi (1980–1986) i Statens vegvesen, og for tidsskriftene I skolen og Tele-Tjenesten (1987–1988).

Fossekalens nåværende redaktør, Mette Kjeldsberg, venter barn i februar neste år, og skal derfor ha permisjon.

Hilde Wold (t.v.) og Britt Lothe frå Vestlands-verkene drøftar detaljene i dagens program med Elin Martinson (t.h.), reiseleiar i det svenske reisebyrået Rese Kajsa. I åtte år har Elin Martinson vore reiseleiar for svenske turistar til Simadal.

I Horndal: Tine Faltin
Svein Erik Dahl/Samfoto



—Penger og miljøhensyn er grunnene til at kraftledningstraséer ofte legges der skredfaren er størst. I Horndalen og Venjedalen her ved Andalsnes holdt ikke norske mastetyper mål mot naturkreftene, sier Bjørn Evensen, leder for prosjektkontoret for ledninger ved kraftledningsavdelingen i Statkraft. Her fotografert ved de sørgelige restene av en forankringsmast.

Bjørn Evensen er trygg på de nye mastene:

LA SKREDET KOMME!

I overkant av halvannen millioner kroner har de kostet, de franske spesialmastene som nå er på plass i Horndalen og Venjedalen ved Åndalsnes. Spørsmålene man kan stille seg er: Hvorfor går Statkraft til Frankrike for å få solide nok master til å stå imot et heilnorsk snøskred? Og hvorfor legges traséen der snøskredfaren er størst?

De mange skredene i Horndalen i fjor vinter, satte gang på gang Aura—Orskog-ledningen ut av spill. I samarbeid med det franske firmaet Petitjean prøver nå Statkraft ut en ny type «skredmaster» nettopp på denne strekningen.



Penger og miljøhensyn, svarer Bjørn Evensen, leder for prosjekteringskontoret for ledninger ved kraftledningsavdelingen. —Vi forsøkte å få mastene produsert i Norge, men fant ingen konkurransedyktig leverandør. Derfor tok vi kontakt med Petitjean, som er én av verdens største på området.

Miljøkrav

At en del av traséen på ledningen Aura—Ørskog går gjennom svært rasfarlige områder, skyldtes altså hensynet til miljøet. —De siste 10—15 år har motstanden mot kraftledninger tvunget oss opp i stadig vanskeligere og til dels mer skredutsatte områder. Noen steder går det å legge om traséen. Da gjør vi det, selv om det betyr lengre og mer kostbare ledninger. I dette tilfellet var det ikke mulig, sier Evensen.

Samarbeid

De mange skredene i Horndal-området i fjor vinter satte forgang i arbeidet med å skaffe en ny type master på skredfarlige strekninger.

—Petitjean sa seg straks villig til å beregne dimensjonene på mastene, men vi manglet beregningsgrunnlag, forteller Evensen. —Horndalen var utilgjengelig en lang stund etter rasene, og ingen målinger ble gjort. Det eneste vi hadde å holde oss til var det såkalte «Ryggfonn-prosjektet» i Grasdalen, et forskningsprosjekt i Statkraft/NGI-regi på snøskred. Her har vi gjennom flere vintre målt skredtrykk mot en stålrørsmast og en betongkloss. I Ryggfonn hadde det største registrerte skredet en fart på 45 m/sek, tilsvarende 25 tonn pr. kvadratmeter eller trykket av 25 personbiler. Skredene i Horndalen og Venjedalen kan ha hatt enda større fart, men vi valgte likevel å la Ryggfonn-resultatet være vårt utgangspunkt, fordi det bare er en liten del av en stor flate som får maksimalt trykk. Vi er overbevist om at det holder. Disse mastene vil ikke bli tatt av skred!

Solide dimensjoner

Skredbelastningen på mastene fra Petitjean kan grovt deles inn i tre soner. De største belastningene er konsentrert i de fem nederste meterne over bakken. Det er her skredet har den største tettheten. Fem til åtte meter over bakken er overgangssonen mellom de faste strømmende snømassene nær bakken og snøskyen. Trykket som her er mindre, skyldes større og mindre snøballer som hopper på toppen av de strømmende snømassene.

Over cirka åtte meter utsettes masten

for snøskyen som følger skredet, men også dette trykket er betydelig. Derfor er fleksibilitet viktig.

Jordvoll

For å beskytte de nye mastene ved mastefoten, er de plassert på en tre meter høy jordvoll. —Vollen er formet som et båtskrog liggende i skredretningen. Dermed vil den forhåpentligvis stoppe eller dele våte skred, og redusere trykket fra tørre skred, sier Evensen.

For å beskytte de nye mastene ved mastefoten, er de plassert på en tre meter høy jordvoll. Vollen er formet som et båtskrog liggende i skredretningen.



Mastene fra Petitjean er dimensjonert for størst trykk de nederste fem meterne. Fundamentet er fem meter dypt, fordelt på to stabber (2,5 meter i diameter) med 40 centimeter støttevegg imellom. Diameteren ved mastefoten er én og en halv meter.

Både fundamen-
teringslaget og
mastemontørene
har hatt en tøff jobb
med de franske
mastene på Aura—
Ørskog-ledningen.
Onsdag 21. septem-
ber var D-dagen
både for mast 112
og for jobben som
helhet.



Endelig klårt for åpning av Aura—Ørskog linjen:

Fransk-Norsk forbredring



Klokken er 1838. Onsdag. Sen september. Helikopteret fra Mørefly brummer seg opp mot himmelen, og ned mot depotet i Grøvdalen. Dagens tøffeste jobb er unnagjort. Midt mellom kraftledninger og en vinsj er traversen på mast nr. 112 lirket på plass. En nervepirrende scene i beste James Bond-stil. Nå gjenstår bare fintilpasningen.



—På grunn av sen leveranse av mastene ble det ikke ledningsinnvielse i oktober slik vi håpet, sier midlertidig oppsynsmann Rolf J. Aune.
—Men så mye forsinket er vi heller ikke!



Trangt om saligheta, og en husmors skrekk: hvilebua på fjellet. Men latteren runger. Fra høyre Olav Fuglem, Nils Hindhammer og Magnar Bakken (innerst mot vinduet). På motsatt side Ola Bugge (innerst) og Leif Helge Bjerkeli.

Forankringsmasten som ble tatt av skredet i februar i fjor, forteller tydelig hvilke krefter som settes i sving når snøen raser ned i fjellsiden. Stålkadaveret setter en støkk i produksjef Christian Cavalero (t.v.) og hans kollega, markedsjef Christian Dhainaut fra den franske masteleverandøren Petitjean. I midten Bjørn Evensen fra kraftledningskontoret, Statkraft.

Lynraskt er Nils Hindhammer og Jon Stokkan på plass. Kattmykt beveger de seg oppover lederen. Tredve meter til vær. En slegge heises opp. Snart er jobben unnagjort. Tror de. Men boltene på traversen vil ikke.

—Kjøp norsk, runger det fra toppen av masten. Et nødvendig anfall av hets mot det franske firmaet Petitjean, som har designet og spesialberegnet mastene for norske forhold.

Bare klag!

På bakken står Petitjeans utsendte, produksjef Christian Cavalero og markedsjef Christian Dhainaut. Og smiler. De forstår frustrasjonen. Bare avbrutt av middagspause har de vært på plass ved mastefoten i over ti timer. Fulgt masteseksjonenes reise gjennom luften, og gjennom den spennende prøve- og feilefasen over styringspinnene, inntil seksjonene med et vrikk og et hestvrinsk glir på plass. Cavalero og Dhainaut vet at montørene jobber omkapp med tiden. Snart er det mørkt, og det kan bli lenge til neste solskinsdag.



Vil de runde franske mastene stå bedre imot enn de firkantede norske den dagen skredet kommer? Ja, mener de fleste.

D-dag

I flere dager har gutta sittet på brakka i Andalsnes i påvente av godvær. Dette er D-dagen — både for nr. 112 og for jobben som helhet. Nr. 112 er den siste av de fire franske mastene på strekningen Aura—Ørskog. Fra slutten av mai har arbeidene pågått så snart været har tillatt det. Da man startet, var snøen tre meter dyp. En tøff jobb, både for fundamenteringslaget og maste-montørene.

—Målet har vært å bli ferdig til linje-innvielse i oktober. På grunn av sen leveranse av mastene klarer vi ikke det, men så mye forsinket er vi heller ikke. Fundamentering og oppsetting har gått bedre enn ventet, sier midlertidig oppsynsmann Rolf J. Aune.

Godt valg

Spørsmålet alt kretser rundt er: Vil de runde franske mastene stå bedre imot



